



Neset kommune
Kråkholmvegen 2
6460 EIDSVÅG I ROMSDAL

Neset kommune

Reguleringsplan Bergmesteren Raudsand

Trekking av motsegn

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.

Bakgrunn

Fylkesmannen har mottatt revidert planforslag og oppmoding frå Neset kommune om å trekke motsegn til reguleringsplan Bergmesteren Raudsand gitt i fråsegn av 15.06.2018.

Vurdering

Plankartet til revidert planforslag syner dei ulike skredfaresonene, og det er knytt føresegner til omsynssonene i samsvar med tryggleikskrava i TEK17 § 7-3. Fylkesmannen kan **trekke** motsegna.

Skredfarevurderinga for planområdet er oppdatert. Denne vurderer skredfaren med tanke på S1-, S2-, S3-tiltak og tiltak etter TEK17 § 7-3 første ledd. Det er fastsett ei eiga faresonegrense for tiltak etter TEK17 § 7-3 første ledd. Tiltak som er omfatta av første ledd skal plasserast utanfor denne faresona. Faresona er synt som omsynssone for skred i plankartet med tilhøyrande føresegner i samsvar med tryggleikskrava i TEK17 § 7-3. Fylkesmannen kan **trekke** motsegna. Vidare rår vi til at planomtalen, ROS-analysen og liknande oppdaterast i samsvar med opplysingane/vurderingane i den oppdaterte skredfarevurderinga.

Oppskyllingshøgda som følgje av fjellskred i sjø er vist som omsynssone «skred» i plankartet. Det er knytt føresegner til omsynssona i samsvar med tryggleikskrava i TEK17 § 7-3. Fylkesmannen kan **trekke** motsegna.

Føresegnene knytt til omsynssonene for brann- og eksplosjonsfare set eigne krav til indre, midtre og ytre omsynssone. Fylkesmannen kan **trekke** motsegna.

Konklusjon

Fylkesmannen trekk med dette attende motsegnene gitt i brev av 15.06.2018 til reguleringsplan Bergmesteren Raudsand.

Med helsing

Linda Aaram (e.f.)
direktør

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fagsaksbehandlarar

Samfunnstryggleik: Stine Sætre, tlf. 71 25 84 85

Kopi:

NVE, Naustdalsvegen 1b, 6800 Førde